



Saksbehandlar: Eileen Selland

Kommunedirektør: Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/24	Formannskap	15.10.2024

Offentleggjering av kommunal planstrategi for Etne kommune 2024-2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunal planstrategi vert gjort offentleg i minst 30 dagar i tråd med plan- og bygningslova §10-1.

Formannskap 15.10.2024:

Behandling:

F- 069/24 Vedtak:

Samrøystes

Kommunal planstrategi vert gjort offentleg i minst 30 dagar i tråd med plan- og bygningslova §10-1.

Saksutgreiing

Samandrag

Kommunestyret skal minst éin gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien vert no lagt på høyring i 30 dagar, før den kan vedtakast i kommunestyret i desember, like over eitt år etter konstituering.

Bakgrunn for saka

Formannskapet vedtok i april å starte opp arbeidet med kommunal planstrategi. Ein kommunal planstrategi skal baserast på folkehelseoversikta, som vart lagt fram i same sak. Oppstart av planstrategien vart deretter sendt ut til statlege og regionale organ og nabokommunar i tråd med plan- og bygningslova.

Saks- og faktaopplysningar

Det ligg no føre eit forslag til planstrategi for valperioden 2024-2028. Ein planstrategi skal drøfte utviklingstrekk, inkludert utfordringar for ei langsiglig samfunnsutvikling. Planstrategien for Etne kommune bygger difor på følgjande kunnskapsgrunnlag:

- Folkehelseoversikta april 2024 (sak 030/24) oppdatert hausten 2024, og
- Etne 2030 – vegen mot 2040, vedteke i kommunestyre i september (sak 073/24).

Innkomne merknader

Berre Statsforvaltaren i Vestland gav tilbakemelding på oppstart av planstrategien, i tillegg til eit forventningsbrev frå februar. Vestland fylke gav ingen merknad til oppstarten, men sendte ut eit felles brev om sine synspunkt til alle Vestland-kommunar like føre nyttår.

I desse går det fram at kommunal planstrategi er eit viktig hjelpemiddel for kommunen til å trekke opp dei viktigaste utfordringane for lokal samfunnsutvikling, og til å prioritere og målrette planlegginga. Statsforvaltaren peikar på at dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging skal m.a. leggast til grunn for utarbeiding av ny kommunal planstrategi og vere førande for planlegginga dei neste fire åra i kommunen. Regjeringa vil at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Trong for medverknad

Forslag til vedtak av kommunal planstrategi skal gjerast offentleg i minst 30 dagar føre kommunestyret si handsaming. Lova oppfordrar kommunen til å legge opp til brei medverknad og allmenn debatt, men set inga formell krav om dette.

Regjeringa legg i nyleg oppdatert rettleiar for planstrategi (sept. 24) opp til at det for mange kommunar vil vere viktigare å legge opp til brei medverknad i planprosessane som følgjer etter at planstrategien er vedtatt, enn i sjølvre arbeidet med planstrategien. For Etne kommune, vert det i planstrategien vurdert trond for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette gir offentlegheita ei mogelegheit til å fremme synspunkt om kommunen sine prioriteringar, og å nytte kommuneplanprosessen til grundigare diskusjon og medverknad.

Vurdering

Planstrategien legg til grunn dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging. Arbeidet med folkehelseoversikta har hatt ei brei fagleg medverknad og drar FN sine berekraftsmål og hovudutfordringane i Vestland fylke si folkehelseoversikt vidare ned til kommunenivå. Etne 2030 – vegen mot 2040 byggjar vidare på utfordringane som Etne kommune står ovanfor mot 2030, og knyt dette opp til ei berekraftig drift av organisasjonen. Etne 2030-dokumentet har vore oppe til politisk handsaming fleire gonger, og vore vurdert på eining- og sektornivå, i LTV møte, og i politisk arbeidsgruppe.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Planstrategien er basert på grunnlagsdokument som har vore utarbeidd gjennom fagleg og politisk medverknad. Planstrategien peikar på tre hovudutfordringar som dannar grunnlag for revisjon av samfunnsdelen og påfølgande strategiar, temaplanar, handlingsplanar og reguleringsplanar.

Planstrategien slik den ligg føre kan høyrist i 30 dagar.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

PBL §10-1 Kommunal planstrategi.

Vedlegg:

Planstrategi 2024-2028 071024

Planstrategi 2024-2028 071024_vedlegg

Fråsegn til oppstart frå Statsforvaltaren i Vestland 240424

Kommunal planstrategi – forventningsbrev frå Statsforvaltaren 020224
Synspunkt frå Vestland fylkeskommune 051223